

Halvårsplan i matematikk for 7. klasse ved Jostedal skule hausthalvåret

Læreverk: Abakus 7A

Lærer: Jostein Aasen (permisjon mykje av hausten)

7. klasse er åleine i ein time i veka, i lag med 5.-6. klasse i ein time i veka og i lag med 6.klasse ein time i veka. Det vert òg arbeidd med oppgåveløysing i matematikk i A-plan timar (a-plantimane er bemanna med lærarar som kan hjelpe elevane i både matte, norsk og engelsk).

Strukturen i kapitla i dette læreverket er i hovudsak delt inn i fire deler:

Innleiinga: Her får elevane ein introduksjon til emnet i kapitlet.

Kan du dette?: Innleiinga sluttar med testen *Kan du dette?* Ut frå arbeidet med oppgåvene i innleiinga og denne testen vel eleven linje.

Korleis gjekk det?: Her skal elevane tenkje over korleis dei vil arbeide vidare. Elev og lærar avgjer i fellesskap kva eleven skal velje. Dersom eleven føler at han/ho har kunnskapar nok, kan eleven byrje direkte på *Gul linje*. Der er det større krav til å arbeide sjølvstendig. Dersom eleven treng å arbeide med meir grunnleggjande emne og har behov for å få oftare hjelp, bør eleven byrje på *Raud linje*.

Elevane skal i løpet av kapitlet, ha gjort to fargar. Vel eleven å byrje på *raud*, går han/ho over på *gul linje* når han/ho er ferdig med *raud*. Byrjar derimot eleven direkte på *gul linje*, går eleven over til *blå linje*. Dette òg i fellesskap med læraren.

Blå linje har ein del utfordringar, og eleven vil møte vanskelege oppgåver og problem vi ikkje har gjennomgått, men som bør vere mogeleg å løyse ved å kombinere tidlegare gjennomgatte reknemåtar.

«Fargeval»: Raud eller gul. Vel du raud- fortset du med gul. Vel du gul- fortset du med blå.

Oversikt

over kva som skal vere gjennomgått og gjort fram til jul (og evt fyrste vekene i januar):

| Månad | Kapittel | Læringsmål (skal kunne): |
|-----------|--|--|
| August | 1. Tal | <ul style="list-style-type: none">• Tala opp til 1000000• romartala til 1000• telje til 100 med romartal• multiplisere og dividere med 10, 100 og 1000 |
| September | 2. Måling og einingar 3. Reknemåtar | <ul style="list-style-type: none">• Samanheng mellom gram og kilogram• samanheng mellom hektogram og kilogram• Samanheng mellom gram, hg, kg og tonn• rekne om frå ei mynteining til ei anna• forskjell på kulde og varmegrader• plassere negative tal på tallinja• sortere positive og negative tal etter storleiken • heile multiplikasjonstabellen (til 100)• multiplisere einsifra med fleirsifra tal• dividere fleirsifra med einsifra tal• addere med minnetal• subtrahere med veksling• addere og subtrahere brøkar med lik nemnar• sjå når ein brøk er større enn ein heil• gjere om brøkar som er større enn ein heil til heilt tal og brøk |

| | | |
|-----------------|--|---|
| Oktober | 3. Reknemåtar (forts) 4. Geometri | <ul style="list-style-type: none"> ● Oppgi koordinatar til ei rute i koordinatsystem ● bygge 3D modellar (terning, tetraeder, oktaeder) ● forminske i forskjellige målestokkar ● sjå og beskrive struktur i geometriske mønster ● definere punkt, linje, linjestykke og stråle |
| November | 4. Geometri (forts) 5. Behandling av data | <ul style="list-style-type: none"> ● Lese av data i linjediagram ● lage linjediagram ● rekne gjennomsnitt ● skrive resultat i reknark ● rekne gjennomsnitt i rekneark ● bruke rekneark til å lage linjediagram |
| Desember | 6. Abamiks Erfaringa tilseier at me vanlegvis ikkje vert ferdig med kap 6 før i januar | Repetisjon, problemløysing, mattespel. Ein del av dette kapittelet vert brukt som oppgåver under matteverkstad. |